

FYLKESRÅDMANNEN

SFJ 2019

TANNHELSETENESTA I SOGN OG FJORDANE  
– EIN FRAMTIDSRETTA KLINIKK- OG TENESTESTRUKTUR

SAMANDRAG AV INNKOMNE HØYRINGSFRÅSEGNER VÅREN 2016

## Samandrag av innkomne høyringsfråsegner

**Gloppen kommune** spelar inn eit forslag om å auke tannlegeressursane i Gloppen for å sikre at vaksne innbyggjarar også får rakst tannhelsetilbod.

**Hornindal kommune** meiner at ein ikkje kan setje eit høgt fagleg fokus framfor tilgjengelegheit og tenestetilbod til innbyggjarane. Generelt meiner kommunen at nedlegging av klinikkar i distrikta ikkje er framtidsretta, og pga. lenger reiseveg meiner kommunen at det i eit samfunnsøkonomisk perspektiv er eit dårleg reknestykke.

Hornindal eldreråd er einige med kommunen om at tannklinikken i Hornindal bør oppretthaldast.

**Bremanger kommune** kan ikkje sjå at framlegg til ny klinikkstruktur tilfredsstillar krava i Lov om tannhelsetjenesten, og krev at minst ein av tannklinikane i Bremanger vert vidareført. Kommunen meiner at den auka reisetida vil vere i strid med Lov om tannhelsetenesta. Dei meiner også at å legge ned klinikane i Bremanger kommune vil hemme målet om integrere tannhelsetenesta med helse- og omsorgstenesta i kommunane etter St.meld.14 (2014-15).

Bremanger Pensjonistlag, Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne og Eldrerådet meiner tannhelsetilbodet vert svekka om plandokumentet vert vedteke og gjennomført. Bremanger Sanitetslag, Bremanger handicaplag og Bremanger Fiskarkvinnelag er også einige med kommunen, og ber om at vedtaket vert vurdert på nytt og at dei får behandle tannklinikken på Hauge.

**Leikanger kommune** stiller seg negativ til framlegget om ny klinikkstruktur som inneber avvikling av tannklinikken i Leikanger pga. auka reisetid og kostnader for innbyggjarane i Leikanger. Dei meiner det er uheldig å vedta større endringar i strukturen før det er avgjort om tannhelsetenesta skal vere kommunal eller fylkeskommunal i framtida.

**Askvoll kommune** stiller seg negativ til framlegget om å legge ned klinikken i Askvoll pga. auka reiseveg og avgrensa kollektivtilbod, spesielt for innbyggjarar på Atløy, Bulandet og Værlandet. Dei meiner tidspunktet for endringar er uheldig med tanke på kommunereforma som kan føre til endringar i kommunestrukturen og det faktum at tannhelsetenesta skal vere eit kommunalt ansvar. Askvoll kommune meiner at dersom ein vel å samlokalisere klinikane i Askvoll og Dale, bør ein legge ned den i Dale, då Askvoll tannklinik er relativt ny (2002), og dei meiner den gjennomsnittlege reiseavstanden vert kortare med ein klinikk i Askvoll. Askvoll kommune ber om ein dialog før ein fattar endeleg vedtak.

Atløy Vel og Bulandet, Værlandet Grendalag, Askvoll Pensjonistlag og Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (Rådet) er einig med Askvoll kommune og peikar spesielt på det med lang reiseveg og avgrensa kollektivtilbod som ei stor ulempe. Askvoll ungdomsråd meiner at busstilbodet mellom Askvoll og Dale bør verte betre dersom Askvoll tannklinik vert nedlagt, og at elevar på vidaregåande skule bør få bruke tannhelsetilbodet i kommunen der dei går på skule.

**Selje kommune** meiner reiseavstanden er uforholdsmessig lang. Dei meiner at ein burde auke kapasiteten på Selje tannklinik for at fleire vaksne kan bruke den offentlege tannhelsetenesta og auke inntening. Dei meiner det er kritikkverdig at fylkeskommunen no definerer eit bilete som dei

ikkje skal ha ansvar for om 5-5 år, og at organisering av tannhelsetenesta må gjerast av dei nye kommunane og ikkje fylkeskommunen.

Rådet for eldre og funksjonshemma og bedriftsforeiningane i Selje og på Stadlandet støttar Selje kommune sitt høyringssvar og krev at forslaget om å legge ned Selje tannklinikk vert trekt.

**Jølster kommune** tilrår fylkeskommunen å oppretthalde Vassenden tannklinikk pga. lenger avstand mellom helsestasjon og tannhelseteneste, høgt tal innvandrarbørn og einslege mindreårige flyktingar med dårleg tannhelse, lenger reiseveg, og at undervisning av personale er lettare å få til om tannklinikken er i kommunen. Kommunen tilrår å vente med omorganisering til ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta skal overførast til kommunane i 2020.

**Luster kommune** ser at tannhelsetenesta vil trenge omstilling for å møte dei nye krava til tenesta i framtida, og støttar dei vurderingar som er gjort i utgreiinga. Kommunen er einig i at generasjonsskifte for tannlegar gjer at ein må tenkje større einingar då dagens nyutdanna vil krevje større fagmiljø og støtte i faget som småklinikane ikkje kan gje, slik som på legekontora.

**Lærdal kommune** ser at tannhelsetenesta på lik linje med ei rekke tenester vil trenge omstilling for å møte dei nye krava til tenesta i framtida, både organisatorisk og økonomisk. Kommunen er einig i at kommande generasjonar med tannlegar vil krevje større fagmiljø og støtte i faget i eit breiare fagmiljø. Større miljø kan gje betre ressursutnytting av klinikkestyr, betre trening og lettare å etablere mentorordningar. Kommunen vurderer på sikt å legge sine helsetenester til Lærdal sjukehus for samlokalisering med Sogn LMS og sjukehuset, og inviterer tannhelsetenesta til drøftingar kring ei slik løysing. I høve utvikling av fagmiljø og breiare tenester til brukarane på same stad, så kan det vere ein fornuftig veg å gå.

**Høyanger kommune** gir full støtte til målsetjinga for tannhelsetenesta som er skildra på framsida av prosjektrapporten. Dei gir ros for ei grundig og god utgreiing der både no-situasjonen og framtidige utfordringar og konsekvensar er skildra på ein oversiktleg og lettfatteleg måte. Kommunen ser trongen fylkeskommunen har for å setje i verk innsparing i drifta. Tannklinikken i Høyanger ligg i fylkeskommunalt bygg saman med Høyanger vidaregåande skule, og kommunen vil ønskje velkommen ei framtidig linje for tannhelsesekretær dersom behovet skulle tilseie at ein bør/kan jobbe vidare med slike planar. Kommunen har stor tilflytting av minoritetspråklege, og forventar generelt ei folketalsauke. Dei støttar tannhelseutgreiinga slik den ligg føre, og særleg oppgradering av tannklinikken i Høyanger.

**Hyllestad kommune** er generelt skeptisk til å endre strukturen på tannklinikane i fylket, sjølv om dei er gald for at Hyllestad tannklinikk ikkje blir foreslått nedlagt. Dei meiner at hospiterings- og utvekslingsordningar mellom klinikane kan vurderast for å motverke dei negative effektane ved små kompetansmiljø. I Hyllestad er det to asylmottak for einslege mindreårige som treng helsetenester. Hyllestad kommune forventar at fylkeskommunen gjer nye vurderingar av behovet for auka tenestetilbod i Hyllestad i samband med asylmottaka.

Øen helselag, Hyllestad husmorlag, Bø Pensjonistlag, Barnas Turlag Hyllestad, Fagforbundet Hyllestad, NSF Hyllestad, Renate Friedrich (tannlege Hyllestad tannklinikk), Utdanningsforbundet Hyllestad, FO Hyllestad, DELTA Hyllestad, FAU Hyllestad skule og FAU Lavik skule er imot nedlegging av klinikken i Hyllestad.

**Gaular kommune** det er feil tidspunkt å gjennomføre ei så stor reform av tannhelsetenesta som utgreiinga legg opptil pga. kommunereforma som ein ikkje enno veit resultatet av. Dei stiller også spørsmål om den samfunnsøkonomiske gevinsten ved tiltaket. Kommunen oppmodar til å greie ut andre løysingar. Kommunen meiner tannhelsetenesta bør utviklast vidare og samordnast med dei andre primærhelsetenestene, og vere nær der folk bur og arbeider.

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular vil oppmode om at det vert utgreia framlegg til løysingar med ambulerande tannhelseteneste som et meir pasient-/brukarnært tilbod.

**Stryn kommune** meiner sentralisering av tenester må akseptrast til ein viss grad, men spørsmålet er kvar grensa går, særleg for hjelpetrengande brukargrupper. Dei meiner det også bør leggst vekt på kor stor innsparinga er i høve til omkostningane. Kommunen meiner det er langt meir effektivt at tannhelsepersonell reiser til klinikken i Innvik som no, enn at eldre og pleietrengande må reise med reisefølgje. Dei kan vanskeleg akseptere at klinikken i Innvik vert avvikla. Dei meiner det er urovekkande at såpass omfattande innstrammingar skal skje i forkant av ein forventa overføring av ansvaret til kommunal sektor. Stryn kommune krev at klinikken i Innvik vert oppretthalde.

Rådet for eldre og personar med nedsatt funksjonsevne, Helse og sosialutvalet og Formannskapet er einige med kommunen sitt framlegg.

**Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne** ønskjer å oppretthalde ein desentralisert struktur og vente med å gjere strukturelle endringar til det er avklara om tannhelsetenesta skal vere kommunal eller fylkeskommunal. Dei kan støtte å endre eigenandelen for skyssutgifter dersom ein ikkje legg om tannhelsestrukturen.

**Råd for funksjonshemma i Vågsøy kommune** er skeptisk til at reiseavstandane denne ordninga legg opp til er i lengste laget.

**Postpensjonistane i Sogn og Fjordane** vil på det sterkaste gå imot dei føreslegne endringane.

**Solund Felles Eldreråd og Råd for funksjonshemma** ber om at framlegget vert trekt tilbake for mogleg ny handsaming etter kommunesamanslåingane er iverksette.

**Tannhelsesekretærens Forbund Parat** er einige med dei fleste punkta i utgreiinga, tida er kome for ei fornying av klinikkstruktur. For dei fleste arbeidstakarar vil det ikkje ha vesentlege negative konsekvensar, men det er dei svake gruppene som treng mykje tannbehandling som blir hardast råka. Dei syns det er ei svakheit i utgreiinga at velfungerande tannklinikkar blir nedlagt før den nye kommunereforma er vedtatt.

**Norsk Tannpleierforening avd. Sogn og Fjordane** meiner det er mykje positivt i rapporten, men har innspel til bl.a. gruppa eldre og uføre, tannklinikk på omsorgssenter, sekretær til tannpleiar og kursmidlar.

**Den Norske Tannlegeforening v/UTV Sogn og Fjordane** meiner det har vore ein lukka prosess, men er einige på fleire av punkta i utgreiinga. Tida er komen for ei modernisering av klinikkstrukturen, og tiltaka i utgreiinga synast å legge opp til at økonomisk innsparing skal smerte minst mogleg, og det er bra. For dei fleste arbeidstakarar vil det heller ikkje ha vesentlege negative konsekvensar. Dei ser at for ein del brukarar vil det medføre lenger reisetid og auka kostnader. Kommunereforma og kva

som skjer etter 2019 er for NTF ei like stor utfordring, i og med at kommunane overtar ansvaret for tannhelsetenesta. Dei meiner det kanskje hadde vore best å satt heile tannhelseutgreiinga på vent til ny kommunestruktur er på plass.

**Årsmøtet i Sogn og Fjordane tannlegeforening** ser ikkje at saka er godt nok utgreidd på noverande tidspunkt til at det gjev grunnlag for uttale. Dei ser likevel med uro på det som i utgreiinga kan synast å medføra eit svekka tilbod til brukarane.

**Om utvida opningstid:** Hornindal kommune meiner det ikkje vil vere avbøtande i særleg mon. Bremanger kommune meiner dette må sjåast i lys av dei endelege konklusjonane i høve St.melding 14 (2014-15) og Kommunal- og forvaltningskomiteen sitt framlegg om overføring av det fylkeskommunale ansvaret for tannhelsetenesta til kommunesektoren. Leikanger kommune er positive dersom ny klinikkstruktur blir vedteken. Jølster kommune ser ikkje at utvida opningstid vil vege oppfor ulemper. Stryn kommune meiner det ikkje vil vere til hjelp for t.d. småbarnsforeldre i Vikane då Stryn tannklinikk ikkje er ein sentralklinikk.

**Om overtaking av utstyr:** Hornindal kommune vil be om å overta utstyret som er på klinikken i dag vederlagsfritt. Bremanger kommune er positiv, men meiner at det ikkje kompenserer for ulempene som endringa i klinikkstrukturen vil få for dei svake brukargruppene. Leikanger kommune ønskjer å overta tannlegestol med tilhøyrande utstyr vederlagsfritt for montering i sjukeheimen. Selje kommune meiner fylkeskommunen påfører nokre kommunar ekstra utgifter ved å legge opp til at kommunane må dekke installering av behandlingsrom på sjukeheimane. Stryn kommune meiner i utgangspunktet at avgjerd i det spørsmålet må utestå til endeleg konklusjon i høve St.meld.14 (2014-15), og heile framlegget verkar ulogisk fordi det vil medføre framhald av den ambulerande verksemda, med den skilnad at kommunen tek utgifta ved husleige og straum. Men kommunen er interessert i å overta utstyret vederlagsfritt dersom planen vert vedteken, med føresetnad om at tannhelsepersonell kjem til Innvik regelmessig som no for oppfølging av skuleborn og brukarar av kommunale omsorgstenester.